



Stendal VVS AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2509 - 14/6123

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

19.03.2014

Løyve til endra plassering av slamavskiljer på gbnr 131/54 Remme

Administrativt vedtak. Saknr: 29/14

Vedtak

Kommunen gjev løyve til endra plassering av slamavskiljer i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 10.02.2014 , jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Adminstrasjonen har kun teke stode til søknad om endra plassering av slamavskiljer.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Søknaden

Søknaden gjeld endring av plassering på slamavskiljer. Opprinneleg løyve vart gjeve den 26.11.2013, og søknad om endring av plassering vart registrert hos kommunen 10.02.2014.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for varsling til naboar. Ein finn at deira interesser ikkje blir råka av denne endringa.

Plassering og høgdeplassering

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar.

Kart for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn med dette å kunne godkjenne søknad om endra plassering av slamavskiljer i samsvar med innsendte søknad og kart den 10.02.2014.

Gebyr

Søknadsppliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2h Endra plassering av slamavskiljer	1	4750
Totalt gebyr å betala		4750

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ivar Eikeland for Svein Terje

Kopi til:
Fanebust

Mottakarar:
Stendal VVS AS